

ÅRSMELDING 2018

FOR

RADØY SKYTTLAG

Årsmøte vart halde den 14 januar 2018 i Radøyhallen.

I meldingsåret har styret vore samansett slik:

Øystein Dalland	Formann
Andrè Michelsen	Nestformann
Arnfinn Halland	Kasserar
Martin Soltveit	Materialforvaltar
Aleksander Mogen	Styremedlem
Kornelius Manger	1 varamedlem
Harry Helland	2 varamedlem

Året har vore prega av mykje dognadsarbeid knytta til Stokkedalen, og andre byggetrinn på 100m standplassen vart fullførd i løpet av sommaren og hausten. Aktiviteten på bana i Stokkedalen har vore bra, men det er framleis plass til fleire. Det er å håpa på at aktiviteten i året som kjem vert enno større. Ein kveld for veka var det skyting for dei under 18 år.

Oppmøte har variert. Her må me verta bedre på å marknadsføra tilbodet for å få med fleire. I Radøyhallen varierer aktiviteten. Blant seniorane er aktiviteten laber innandørs.

Skytingenes dag vart arrangert 21 mai i samarbeid med NPK og NJFL. Oppmøte var bra, og arrangementet var vellukka. Det vart arrangert opningsskyting på nye bana i samband med skytingensdag 21 mai. Jon Magne Gabrielli og Alexander Mogen vann respektive klassar. Lagsmeisterskap vart arrangert 26 august , Martin Soltveit og Aleksander Mogen vann respektive klassar.

Året har som nevnt tidligare nevnt vore prega av arbeidet i Stokkedalen der det er lagt ned mykje dognadsarbeid på anlegget. Arbeidet med 100 m standplassbygg er fullført, og sluttarbeid rundt spelemidelutbetalinger pågår. Det er lagt ned svært mange dugnadstimar, både med administrative saker, arbeid med standplass og grav 100 m og drift av anlegget.

Det er sendt søknad om spelemidlar for 200 m riflebane, og arbeidet på bana har starta opp.

Økonomien til laget er grei. Slik me vurderer det i dag maktar me å ferdigstilla 200 m riflebane. Dugnadsgjengen som har arbeid på 100 m, har bestått av 10-12 personar. Og me er overtydd om at dei også vil bidra med jobben på 200m bana.

Til slutt vil styret takka for samarbeidet i året som gjekk, og ønskja lukke til å det nye året.

Alversund den 27 desember 2018.

For styret i Radøy Skyttarlag

Øystein Dalland

Form.